



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 10.09.2020  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 15:00 - 17:15

Møtestart er tilpassa dei som kjem med ferja 13:40.  
Markering(ar) og Orientering frå NGIR i forkant av møtet.

| Frammøtte medlemmer       | Parti | Rolle        |
|---------------------------|-------|--------------|
| Karstein Totland          | H     | Ordførar     |
| Bjarte Andvik             | H     | Medlem       |
| Frode Langhelle           | H     | Medlem       |
| Kariann Ekren             | H     | Medlem       |
| Atle Nordland             | H     | Medlem       |
| Arne Hindenes             | H     | Medlem       |
| Torill Torsvik Størkersen | AP    | Varaordførar |
| Hildegunn Bjånes          | AP    | Medlem       |
| Britt Inger Myhr          | AP    | Medlem       |
| Siri Tangedal Kratzmeier  | Krf   | Medlem       |
| Wenche Daae               | Sp    | Medlem       |
| Laila Furebotn            | Sp    | Medlem       |
| Silje Vågseth Kjetland    | Sp    | Medlem       |
| Jostein Kvamme Duesund    | Frp   | Medlem       |

| Forfall meldt frå medlem | Parti | Rolle  |
|--------------------------|-------|--------|
| Erlend Kvamsdal          | H     | Medlem |
| Ragnvald Tangedal        | AP    | Medlem |
| Geir Egil Haugsvær       | Sp    | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer | Parti | Erstatter medlem   |
|-------------------------|-------|--------------------|
| Bjørn Rune Kvinge       | AP    | Ragnvald Tangedal  |
| Bjarte Dyrkolbotn       | H     | Erlend Kvamsdal    |
| Stian Søvik             | Sp    | Geir Egil Haugsvær |

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:  
Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

---

# Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

|          |                                                                                                                                           |       |
|----------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------|
| 049/2020 | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                                                     | s. 03 |
| 050/2020 | Godkjenning av møtebok                                                                                                                    | s. 04 |
| 051/2020 | Årsrekneskap 2019 - Masfjorden kommune                                                                                                    | s. 05 |
| 052/2020 | Årsmelding 2019 Masfjorden kommune                                                                                                        | s. 08 |
| 053/2020 | Husleige kommunale utleigebustader 2020 - 2.gangs utgreiing                                                                               | s. 11 |
| 054/2020 | Økonomisk rapportering - 1.tertial 2020                                                                                                   | s. 13 |
| 055/2020 | Kraftmelding pr. 30.06.2020                                                                                                               | s. 20 |
| 056/2020 | Framlegg til avtale med Odin utbygging AS om innløyising av tomt nr 35, 36 og 39 på Duesundøy                                             | s. 22 |
| 057/2020 | Ombygging av kontor og garderobe på Duesund (kraftlagsbygget)                                                                             | s. 26 |
| 058/2020 | Rammer for årsbudsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024                                                                                  | s. 29 |
| 059/2020 | Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde, og val av representantar til interkommunalt planutval for sjøareal | s. 32 |
| 060/2020 | Revisjon av beredskapsanalyse GMBR - 2020                                                                                                 | s. 35 |
| 061/2020 | Søknad om støtte gjennom kraftfondet - Gunnar Trædal                                                                                      | s. 37 |
| 062/2020 | Val av forliksrådsmedlemmer til felles forliksråd for Gulen og Masfjorden                                                                 | s. 40 |
| 063/2020 | Referatsak                                                                                                                                | s. 43 |

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Sakshandsamar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Anne Kristin Rafoss  | FE-033       | 20/797            |

|              |               |             |             |
|--------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saknr</b> | <b>Utval</b>  | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 049/2020     | Kommunestyret | PS          | 10.09.2020  |

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 049/2020

#### **KS - behandling:**

Det vart sett fram forslag om Frode Langhelle og Wenche Dåe til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Sakshandsamar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Anne Kristin Rafoss  | FE-033       | 20/797            |

|              |               |             |             |
|--------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saknr</b> | <b>Utval</b>  | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 050/2020     | Kommunestyret | PS          | 10.09.2020  |

## Godkjenning av møtebok

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 050/2020

#### **KS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

**Møtebok vert godkjend.**

# Sakspapir

| Sakshandsamar         | Arkiv  | ArkivsakID |
|-----------------------|--------|------------|
| Svein Viktor Ellingbø | FE-210 | 20/691     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 067/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 051/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Årsrekneskap 2019 - Masfjorden kommune

### Vedlegg:

| Journalposttittel                    | Dato       |
|--------------------------------------|------------|
| Rekneskapen 2019                     | 13.08.2020 |
| Revisjonsmelding 2019_Masfjorden     | 13.08.2020 |
| Rapport årsrekneskap Masfjorden 2019 | 13.08.2020 |
| Uttale frå kontrollutvalet           | 19.08.2020 |

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskapen 2019 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2019 er i balanse, og driftsrekneskapen viser rekneskapsmessig balanse. Det er difor ingen rekneskapsmessig resultat til disponering.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunelova setter frist for godkjenning av årsrekneskapen og beretninga til seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Grunna situasjonen med Covid-19-viruset har kommunane fått utsett frist til 15.september 2020 for å vedta rekneskap og årsmelding for 2019.

Revisjonsmelding og -rapport følgjer vedlagt. Fleire av punkta i rapporten har vore omtalt i fleire år, og omhandlar kapasitetsutfordringar og arbeidsfordeling.

Uttale frå kontrollutvalet er òg vedlagt saka.

#### Fakta

Masfjorden kommune sin driftsrekneskap for 2019 syner eit brutto driftsunderskot, resultat før finans, på -0,1 % av driftsinntektene gjennom året. Det gode netto driftsoverskotet, resultat før avsetjingar, på 5,7 mill. (2,2 %) har difor lite med den løypande drifta å gjere:

- Urealisert gevinst finansplasseringar på 3,4 mill.
- Lågare finansutgifter som følgje av overskotslikviditet og forseinka framdrift i store

investeringsprosjekt på 1,4 mill.

Korrigert for desse forholda hadde netto driftsresultat vore på 0,9 mill., som utgjer 0,3 % av driftsinntektene gjennom rekneskapsåret 2019, godt under TBUs norm på 1,75 %.

Etter netto avsetjingar syner rekneskapen eit rekneskapsmessig resultat på 0. Resultat i balanse betyr at det vert i 2019 korkje mindreforbruk til disponering eller meirforbruk til inndekking.

Resultat skuldast at det i 2019 er gjort ein tapsavsetjing på litt over 4 mill.kr., samt tidlegare års tapsavsetjing (2016 med 1,2 mill.kr.) gjer at ein i balansen har sett av 5,2 mill.kr. som tapsavsetjing. Reelle tapsføring knytt til rekneskapen 2016 og no i 2019 er berre i mindre grad gjort, og er eit prioritert tiltak i 2020 å komme ajour med uteståande krav i kommunerekneskapen.

Masfjorden kommune sin investeringsrekneskap for 2019 viser investeringsutgifter på 23,1 mill., og syner eit høgare investeringsnivå enn året før, men lågare enn forventa i budsjettet grunna seinare framdrift av det største investeringsprosjektet enn planlagt – nye omsorgsbustadar Hosteland.

### **Vurdering**

Masfjorden kommune sin driftsrekneskap for 2019 viser balanse og alle investeringsprosjekt i rekneskapsåret er finansiert.

Revisjonen har over fleire år omtalt forbetningsområder innanfor kommunen sin internkontroll og økonomirapportering. Desse har i all hovudsak med tilgjengelig kapasitet og oppgåvefordeling å gjere. Dette er eit forhold som vil få prioritet og fokus resten av 2020.

### ● **Avvik i høve budsjett – skjema 1A og 1B (drift)**

«saksa» frå uttale frå kontrollutvalet, «Der er nokon større avvik som til dømes eit overforbruk innafor «Pleie og omsorg» på 2,2 mill. kr og «Teknisk» på 1,8 mill.»

Avvik pleie- og omsorg stammar m.a. frå enkelttiltak ein brukar, teke opp under tertialrapportane, med tenestekjøp institusjon på over 1 mill.kr., som ikkje var budsjettert – samt litt mindre inntekter enn budsjettert m.a. brukarbetaling. På den andre sida har vi inntektsført budsjettert sum på ressurskrevjande brukarar, medan rekneskapen viser over 1,5 mill. kr meir i inntekt – som kunne ha vorte bokført i 2019, men som no kjem som tillegg i 2020.

Avvik teknisk, budsjettet er i 2019 auka kraftig opp – grunna fiberprosjektet på 11,5 mill.kr. kjem på rammeområde teknisk, samt punktutbetring fylkesveg – men desse forholda er følgt opp med budsjettendringa og gir ikkje avvik – men berre langt større omfang enn normal drift av teknisk. Hovudgrunn til avvik teknisk skriv seg til brann og redning, og kostnader etablering Berinvest ført i Masfjorden, skal fordelast med Gulen kommune og/eller eige selskap, med 1,5 mill.kr.

### ● **Notar**

Opplysingar om økonomiske ytingar til leiande personar i kommunen og til revisor. Dette er først og fremst samla løn eller anna godtgjeringar til rådmann og ordførar. Kontrollutvalet forventar at denne noten med dei opplysningane blir sendt skriftleg til kommunestyret når rekneskapen skal handsamast.

- Løn til rådmann er etter sist lønsjustering (16.12.19, med verknad frå 1.5.19) kr. 1.140.000. For 2019 er det bonus og tilleggsarbeid etter avtale knytt til vakanse og sjukefråvær etc., som gjorde at samla løn kom på kr. 1.552.442.
- Godtgjersle til ordførar vart sett til 90% av den faste godtgjersla til stortingsrepresentane, og justert pr. 1.5.2019 til kr. 889.197,-. Samla godtgjersle for 2019 utgjorde kr. 879.737
- Revisjonshonorar er bokført med kr. kr 474.624 i 2019

- **Omtale av likestilling og etikk i årsmelding**  
Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard. Desse er ikkje omtala, noko revisor også har kommentert.

Ikkje utover det som er teke inn på side 14 i årsmeldinga 2019, tal tilsette fordelt på kjønn, samt at kommunen har etiske retningsliner for tilsette og folkevalte

**Tilrår at årsrekneskapen 2019 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

### **Formannskapet - 067/2020**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

Årsrekneskapen 2019 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2019 er i balanse, og driftsrekneskapen viser rekneskapsmessig balanse. Det er difor ingen rekneskapsmessig resultat til disponering.

### **Kommunestyret - 051/2020**

#### **KS - behandling:**

Revisjonssjef Janne Eraker møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Årsrekneskapen 2019 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2019 er i balanse, og driftsrekneskapen viser rekneskapsmessig balanse. Det er difor ingen rekneskapsmessig resultat til disponering.

# Sakspapir

| Sakshandsamar              | Arkiv          | ArkivsakID |
|----------------------------|----------------|------------|
| Svein Helge Hofslundsengen | FE-210, TI-&14 | 20/497     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 068/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 052/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Årsmelding 2019 Masfjorden kommune

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

07072020 Årsmelding 2019

#### Dato

14.08.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune si årsmelding for 2019 vert teken til vitring.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmannen skal normalt innan 31.mars 2020 ferdigstille årsmelding for 2019, og lovheimelen for utarbeiding av årsmelding følgjer av forskrift for årsrekneskap og årberetning for kommunar og fylkeskommunar § 10.

#### § 10. Regnskapsfrister og behandling av årsregnskap og årsberetning

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

For 2019 har korona pandemien medført utvida frist for m.a. årsmeldinga,

**«Lov om unntak fra kommuneloven, IKS-loven og partiloven (tiltak for å avhjelpe konsekvensene av utbruddet av Covid-19)**



## *§ 6 Frister for regnskapsrevisor og vedtak om årsregnskap og årsberetning*

Regnskapsrevisor skal senest 15. juni 2020 avgi revisjonsberetning til årsregnskapene og årsberetningene for 2019.

Årsregnskapene og årsberetningene for 2019 skal vedtas senest 15. september 2020.

Regnskapsrevisor skal senest 15. september 2020 avgi en skriftlig uttalelse om resultatet av den forenklede etterlevelseskontrollen etter kommuneloven § 24-9.»

### **Høyring**

Info.skriv ut til leiarane

### **Uttale**

Innspel frå leiarane/einingane er grunnlag for årsmeldinga

### **Fakta**

Viser til sjølve årsmeldinga, som følgjer som saksvedlegg til saka

### **Vurdering**

Årsmeldinga ser ein på som ein viktig del av den informasjon som kommunen skal gje til innbyggjarane og ein legg opp til gjennom årsmeldinga å gje nyttig og heilskapleg informasjon, som skal kunne gje eit godt bilde av dei tenester og oppgåver som vert utført av kommunen. Årsmeldinga 2019 vert berre publisert digitalt på heimesida, og vil ikkje verte trykt opp og sendt ut til alle husstandar i kommunen (som har vore normalt tidlegare)

### **Konklusjon**

Årsmeldinga for Masfjorden kommune 2019 vert lagt fram for politisk handsaming, og tilrår at årsmeldinga 2019 vert teken til vitring.

## **Formannskapet - 068/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune si årsmelding for 2019 vert teken til vitring.

## **Kommunestyret - 052/2020**

### **KS - behandling:**

Revisjonssjef Janne Eraker møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret bad om at det vart trykt opp nokre eksemplar til utdeling til pensjonistlaga.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

**Masfjorden kommune si årsmelding for 2019 vert teken til vitring.**

# Sakspapir

| Sakshandsamar         | Arkiv  | ArkivsakID |
|-----------------------|--------|------------|
| Svein Viktor Ellingbø | FE-151 | 19/557     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 066/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 053/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Husleige kommunale utleigebustader 2020 - 2.gangs utgreiing

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Husleigesatsar for kommunale utleigebustader for 2020 vert vedtatt jf. KS 047/2019.

Alle nye leigekontraktar vert inngått utan rabattordning, med 100 % husleige frå fyrste månad.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I FS 069/2019 vart husleigesatsar for kommunale utleigebustader samrøystes vedtatt. Saka vart i KS 047/2019 sendt attende til administrasjonen for vidare utgreiing.

I KS 077/2019 vart årsbudsjett 2020 vedteken. Vedteken årsbudsjett har innarbeid husleigesatsar for kommunale utleigebustader i samsvar med administrasjonen sin tilråding i ovannemnde sak, jf. pkt. 5.9 i Rådmannen sitt grunnlagsdokument.

I FS 098/2019 vart husleigesatsar for kommunale utleigebustader attende vedtatt samrøystes. I KS 007/2020 vart saka sendt attende til administrasjonen for grundigare utgreiing.

#### Vurdering

Husleigesatsane vert sett i samband med utbygginga og skal ta høgde for kostnader som kommunen har hatt inkl. finans, og følgjer historisk utvikling og er i 2020 justert opp med vanleg indeksregulering i tråd med fast praksis. Dette gjelder alle husvære. Erfaring viser at satsane er for låge og at kommunen må dekke stor del av vedlikehaldskostnadene over drifta, og utover det ein får inn i leige.

Rabattordninga på 80 % er tilrådd avvikla berre for nye leigekontraktar, allereie inngåtte avtalar vil ikkje bli påverka av denne endringa. Ein slik subsidiering reknast som skattepliktig fordel og vil kunne utløyse fordelsbeskatning for leigetakar. Målet med rabattordninga var å vere konkurransedyktig ved nyrekruttering av kommunalt tilsette, og har hatt liten eller ingen effekt i rekrutteringssamanheng dei siste åra.

#### Konklusjon

Husleigeinntektene dekker ikkje fullt ut dei utgifter som kommunen har knytt til drift og vedlikehald av utleigebustadane, og tilrår ikkje endring i satsane. Reduksjon i husleigesatsane må dekkast inn i budsjettet.

Rabattordninga som er tilrådd avvikla for nye leigekontraktar, er både krevjande å vedlikehalde og vil kunne utløyse ekstra beskatning for leigetakar.

### **Formannskapet - 066/2020**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om følgjande tilleggspunkt:

Vedtaket gjeld for alle leigekontrakter inngått etter 01.03.20.

Framlegg til vedtak med tilleggspunktet jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

Husleigesatsar for kommunale utleigebustader for 2020 vert vedtatt jf. KS 047/2019.

Alle nye leigekontraktar vert inngått utan rabattordning, med 100 % husleige frå fyrste månad.

Vedtaket gjeld for alle leigekontrakter inngått etter 01.03.20

### **Kommunestyret - 053/2020**

#### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Silje Vågseth Kjetland (Sp) stilte følgjande spørsmål:

Korleis er vedlikehaldsrutinane til kommunen rundt kommunale utleigebygg?

Rådmannen lova kome tilbake til dette.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Husleigesatsar for kommunale utleigebustader for 2020 vert vedtatt jf. KS 047/2019.

Alle nye leigekontraktar vert inngått utan rabattordning, med 100 % husleige frå fyrste månad.

Vedtaket gjeld for alle leigekontrakter inngått etter 01.03.20

# Sakspapir

| Sakshandsamar         | Arkiv  | ArkivsakID |
|-----------------------|--------|------------|
| Svein Viktor Ellingbø | FE-210 | 20/538     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 064/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 054/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Økonomisk rapportering - 1.tertial 2020

### Vedlegg:

| Journalposttittel              | Dato       |
|--------------------------------|------------|
| Bevillingsoversikt drift       | 19.08.2020 |
| Bevillingsoversikt investering | 19.08.2020 |
| Økonomisk oversikt drift       | 19.08.2020 |
| Investeringsprosjekt 2020      | 19.08.2020 |

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.

Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå kommunelova sitt krav om budsjettstyring leggja fram, minst 2 gonger i året, rapport for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Etter kommunelova sitt krav om årsbudsjettet sin bindande verknad, skal endringar av vesentleg karakter i inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjar på meldast til kommunestyret. Kommunestyret skal gjera naudsynte endringar i budsjettet for å oppretthalde lova sine krav om realisme og balanse.

#### Fakta

Opphavelig budsjett 2020 var fastsett i K sak 077/2019, og i K sak 015/2020 var budsjett 2020 saldert. På bakgrunn av rekneskapstal per april og signala i revidert nasjonalbudsjett 2020, er det gjort ei vurdering av korleis ein kjem i hamn i høve til budsjett 2020 ved årsslutt. Det følgjer vedlagt til saka bevillingsoversikt for drift og investering som viser endringane i budsjett 2020. Status for dei ulike rammeområda er nærare kommentert under.

## ENDRINGAR I DET ØKONOMISKE OPPLEGGET FOR 2020 – RNB2020

### Pris- og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane er redusert frå 3,1 % i statsbudsjettet til 1,4 % i revidert nasjonalbudsjett. Dette inneber ei pårekna innsparing for kommunane med 7,7 mrd. kroner i 2020.

Spesielt lønnsveksten er kraftig redusert i revidert nasjonalbudsjett, frå 3,6 % til 1,5 %. Reduksjonen i prisvekst for varer og tenester er frå 2,2 % til 1,2 %. For å tilpasse forutsetningane i driftsbudsjettet til dei generelle utsikter i økonomien er lønnsavsettingspotten i budsjett 2020 tilrådd redusert med 0,64 mill. Reduksjonen er fordelt som følgje:

- Administrasjon innsparing på kr 50.000
- Barnehage innsparing på kr 75.000
- Skule innsparing på kr 165.000
- Helse innsparing på kr 60.000
- Sosial og barnevern innsparing på kr 15.000
- Pleie og omsorg innsparing på kr 195.000
- Kultur innsparing på kr 20.000
- Teknisk innsparing på kr 60.000

### Skatteinntekter og rammeoverføringar

I revidert nasjonalbudsjett er pårekna skatteinntekter for kommunane justert ned med 4,0 mrd. kroner. Skatteinntekter og rammeoverføringar er i KS sin inntektsprognosemodell oppdatert i samsvar med revidert nasjonalbudsjett. For Masfjorden kommune prognostiserer modellen 1,1 lågare skatteinntekter og 2,5 mill. høgare rammeoverføringar. Auken i rammeoverføringar omfattar endringar både utanom og som følgje av koronapandemien. Auken i rammeoverføringar som følgje av koronapandemien er på til saman 2,2 mill. og fordeler seg som følgje:

- Ekstra skjønnsmidlar på 0,2 mill.
- Ekstra bevillingar på 1,64 mill.
- Kompensasjon for bortfall av foreldrebetalingar på 0,33 mill.

Auken i rammeoverføringane utanom koronapandemien omfattar:

- Auka tilskot til fastlegar med 0,15 mill. (nytt grunntilskot og knekkpunkt)
- Auka tilskot som følgje av utsett overføring av skatteoppkrevjar på 0,26 mill.

Skatteinntekter og rammeoverføringar er tilrådd justert i samsvar med inntektsprognosemodellen. Denne tilseier ein netto auke på 1,4 mill.

### Reduksjon i arbeidsgjevaravgifta i 3.termin med 4 prosentpoeng

Det er i revidert nasjonalbudsjett framlegg om ein reduksjon i arbeidsgjevaravgifta i 2 månader. For kommunane utgjer dette ei innsparing på 2,0 mrd. kroner. Innsparingseffekten for Masfjorden kommune er anslått til 0,91 mill., fordelt som følgje:

- Folkevalt innsparing på kr 10.000
- Administrasjon innsparing på kr 65.000
- Barnehage innsparing på kr 100.000
- Skule innsparing på kr 225.000
- Helse innsparing på kr 80.000
- Sosial og barnevern innsparing på kr 20.000
- Pleie og omsorg innsparing på kr 290.000

- Kultur innsparing på kr 25.000
- Tekniske innsparing på kr 90.000

## **FINANSOMRÅDET**

I samsvar med saldert budsjett 2020 er det tatt opp 65,2 mill. i lån til investeringsføremål i år, og det er søkt om 5,0 mill. i startlånsmidler frå Husbanken i samsvar med K sak 029/2020.

Dei høge investeringsambisjonane vil legge store bindingar på kommunen sin framtidige handlingsrom. Innbyggjargrunnlaget dei siste 2 åra har redusert seg frå 1 730 til 1 691 innbyggjarar, og ved utgangen av 1.kvartal 2020 er det registrert 1 686 innbyggjarar i Masfjorden kommune. Oppvekstområdet har ein struktur som er lite økonomisk gunstig, og dreininga av tenester frå å vere institusjonsbasert til å bli meir heimebasert tar lengre tid.

Høg gjeldsvekst vil i årene framover binde stadig meir midlar til finansområdet. Eit usikkert inntektsgrunnlag, overdimensjonert struktur i nokre sektorar og prosessar som tar tid vil forsterke behovet for politiske prioriteringar.

## **FOLKEVALGTE ORGAN**

Rammeområdet omfattar politisk styring, kontroll og revisjon. Opphøveleg budsjett for rammeområdet i 2020 er på 2,5 mill., fordelt med 1,9 mill. til politisk styring og 0,6 mill. til kontroll og revisjon.

I K sak 013/2020 er godgjersle til varaordførar auka til 20 % stilling. Posten er anslått til 0,23 mill. Samstundes er endringar i det økonomiske opplegget for 2020 forventa å gje ei innsparing på kr 10.000.

Rekneskapstal per mai for tenesteområdet Kontroll og revisjon viser at lønsbudsjettet er allereie brukt opp. Dette skyldast høg kompensasjon for tapt arbeidsforteneste utbetalt til medlemene i kontrollutvalet. Møtegodtgjersle utgjer under 20 % av samla utbetaling.

**Rammeområdet er tilrådd justert opp med 0,22 mill. i denne saka.**

## **ADMINISTRASJON**

Rammeområdet omfattar administrativ leiging og støtte- og fellesfunksjonar. Opphøveleg budsjett for rammeområdet i 2020 på 14,4 mill. er i K sak 015/2020 justert opp til 14,6 mill. som følgje av utgifter kring ny alminneleg taksering av eigedommar i Masfjorden kommune.

Rekneskapstal per april viser noko meirforbruk i høve periodebudsjett som i all hovudsak kan forklarast med forskjellig periodisering i rekneskap og periodebudsjett. Bistand kring ny alminneleg taksering viser ein meirutgift på 0,1 mill. i høve justert budsjett. Samstundes er endringar i det økonomiske opplegget for 2020 forventa å gje ei innsparing på 0,1 mill. for dette rammeområdet.

**Rammeområdet er tilrådd ikkje justert i denne saka.**

## **BARNEHAGE**

Rammeområdet omfattar drift av kommunen sine 3 barnehagar, samt felles fordelte utgifter. Opphøveleg budsjett for rammeområdet i 2020 er på 17,0 mill., fordelt med 15,3 mill. til drift og 1,7 mill. til felles utgifter inklusiv reinhald.

I samsvar med forutsetningane i opphøveleg budsjett, har administrasjonen kartlagt bemanningsbehovet i barnehagane frå august 2020:

| Årsverk            | Opphavelg budsjett | Frå aug 2020 | Endring |
|--------------------|--------------------|--------------|---------|
| · Nordbygda        | 11,18              | 12,90        | 1,72    |
| · Indre Masfjorden | 6,90               | 4,77         | -2,13   |
| · Sandnes          | 7,50               | 5,93         | -1,57   |

Tilpassing av årsverka som ligg i budsjett til meldt behov vil kunne gje ein innsparing på 0,45 mill. i 2020 (5 månader). Administrasjonen jobbar med å identifisere løysingar for å realisere ein slik innsparing.

Reduserte brukarbetalingar i barnehagane som følgje av koronapandemien har vore på 0,22 mill. Auken i rammeoverføringar kompenserer for dette inntektsbortfallet, men er rekneskapsteknisk ført under sentrale inntekter, og ikkje under rammeområdet. Rammeområdet må som følgje av dette styrkast tilsvarande.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2020 inneber innsparing på kr 175.000.

**Rammeområdet er tilrådd justert opp med 0,05 mill. i denne saka.**

#### SKULE

Rammeområdet omfattar PPT, MOT, vaksenopplæring og drift av kommunen sine 3 skular, samt felles fordelte utgifter. Opphavelg budsjett for rammeområdet i 2020 på 45,6 mill. er i K sak 015/2020 justert opp 45,8 mill. som følgje av anslått inntektsbortfall under koronapandemien. Budsjettet er fordelt med 35,8 mill. til grunnskule, 0,3 mill. til vaksenopplæring, 2,0 mill. til skulefritidsordning, 1,2 mill. til skuleskyss og 6,6 mill. til felles utgifter inklusiv reinhald.

Opphavelg budsjett låg til grunn ein reduksjon i tal årsverk i skulesektor, og kartlegginga av bemanningsbehovet i skulane frå august 2020 har ikkje avdekkja nye vesentlege forhold som tilseier budsjettjustering.

I KS 015/2020 vart skulefritidsordninga styrka med eit anslått inntektsbortfall på 0,2 mill. Det innrapporterte inntektsbortfallet vert på 0,1 mill.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2020 inneber innsparing på kr 390.000.

**Rammeområdet er tilrådd justert ned med 0,49 mill. i denne saka.**

#### HELSE

Rammeområdet omfattar kommunen sin helse- og legeteneste. Opphavelg budsjett for rammeområdet i 2020 på 12,8 mill. vart i K sak 015/2020 justert opp til 13,3 mill. for å kompensere for anslått inntektsbortfall på 0,5 mill. for legekantoret.

I samband med koronasituasjonen har det vore personell i karantene og meirarbeid for smittevernlegen. Legevaktordninga vert akontofakturert og første faktura viser opphavelg budsjett på nivå med fakturagrunnlag. Samstundes vert utgiftene i 2019 for legevaktordninga 0,1 mill. høgare enn budsjett 2020 ligg til grunn. Legevaktposten er tilrådd styrka som følgje av dette med 0,1 mill.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2020 inneber innsparing på kr 140.000.

I KS 015/2020 er rammeområdet kompensert for eit anslått inntektsbortfall i brukarbetalingar på legekantoret med 0,5 mill. Inntektsbortfallet kan bli større enn anslått, og administrasjonen kommer tilbake med ny status ved neste rapportering.



**Rammeområdet er tilrådd ikkje justert i denne saka.**

### **SOSIAL OG BARNEVERN**

Rammeområdet omfattar NAV kontor, sosialhjelp og barnevernstenesta. Opphavelag budsjett for rammeområdet i 2020 er på 4,5 mill., fordelt med 2,8 mill. til barnevern, 0,7 mill. drift av NAV Fensfjorden (netto) og 1,0 mill. i sosialstønad. I KS 015/2020 vert sosialstønad justert opp med 0,5 mill.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2020 inneber innsparing på kr 35.000. Samstundes viser rekneskapstal per april noko meirforbruk i høve budsjett.

**Rammeområdet er tilrådd ikkje justert i denne saka.**

### **PLEIE OG OMSORG**

Rammeområdet omfattar tilskot til Frivilligsentral, støttekontakt, institusjonsdrift, heimetenesta og kommunale omsorgsbustader. Opphavelag budsjett for rammeområdet i 2020 er på 49,7 mill., fordelt med 4,8 mill. til drift av Svingen, 25,9 mill. til sjukeheimsdrift inkl. vaskeri, reinhald, kjøkken og lokalar, 15,6 mill. til heimetenesta og resten til fellesutgifter inkl. avskrivningar.

I KS 015/2020 vert driftsutgiftene knytt til felleskostnader Fensfjordbygg justert opp med 0,15 mill. Budsjettskjema til sak 015/2020 tok justeringa mot rammeområdet Teknisk. Ut frå tenesteinndelinga høyrer posten til rammeområdet Pleie og omsorg. Budsjettjusteringa i K sak 015/2020 vert tilrådd difor flytta frå rammeområde Teknisk til rammeområde Pleie og omsorg.

Sjukeheimen rapporterer auka bemanningsbehov som følgje av høgare pasientbelegg tidleg på året. Vikarutgiftene viser som følgje av dette og koronautbrottet meirutgift i høve budsjett. Meirutgiftene er venta kompensert med høgare brukarbetalingar og refusjonar.

Kjøkkenet på sjukeheimen rapporterer inntektsbortfall som følgje av koronatiltak og noko høgare vedlikehaldsutgifter.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2020 inneber innsparing på kr 485.000.

**Rammeområdet er tilrådd justert ned med 0,33 mill. i denne saka.**

### **KULTUR**

Rammeområdet omfattar idrettsskulen, kultur, bibliotek, kulturskule og tilskot til lag og organisasjonar. Opphavelag budsjett for rammeområdet i 2020 er på 6,5 mill., fordelt med 1,1 mill. til bibliotek, 2,8 mill. til kulturskulen og resten til andre aktivitetstilbod og støtteordningar til lag og organisasjonar.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2020 inneber innsparing på kr 45.000. Samstundes har koronasituasjonen resultert i noko inntektsbortfall.

**Rammeområdet er tilrådd ikkje justert i denne saka.**

### **KYRKJA**

Rammeområdet omfattar driftstilskot til Masfjorden sokn og tilskot til andre trus- og livssynssamfunn. Opphavelag budsjett for rammeområdet i 2020 er på 3,5 mill., fordelt med 3,4 mill. til driftstilskot til Masfjorden sokn og 0,1 mill. i tilskott til andre trus- og livssynssamfunn.

**Rammeområdet er tilrådd ikkje justert i denne saka.**

### **TEKNISK**

Rammeområdet omfattar reinhald av kommunale bygg, eigedomsforvaltning, landbruks- og naturforvaltning, vedlikehald av kommunal eigedom, brannberedskap og sjølvkosttenestar. Opphavelg budsjett for rammeområdet i 2020 på 9,9 mill. vert i K sak 015/2020 styrka med 0,4 mill. som følgje av anslått inntektsbortfall i samband med koronasituasjonen. Styrkinga i K sak 015/2020 knytt til fellesutgifter Fensfjordbygg med 0,15 mill. vert tilrådd flytta over til rammeområdet Pleie og omsorg.

Masfjorden kommune har sidan 2018 forskotert utgifter på til saman 2,3 mill. knytt til BERIVEST. Hittil i 2020 er utgiftene komet på 1,0 mill. Utgiftene ligg ikkje inn i budsjettet og fakturering mellom eigarkommunane har ennå ikkje funnet sted.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2020 inneber innsparing på kr 150.000.

**Rammeområdet er tilrådd justert ned med 0,30 mill. i denne saka.**

#### **ANDRE TENESTEOMRÅDER**

Rammeområdet omfattar utgifter til administrasjonslokalar, felles pensjonskostnader, diverse fellesutgifter, utgifter til introduksjonsprogrammet, sal av konsesjonskraft, tilrettelegging for næringslivet.

Det ligg i opphavelg budsjett ein forventa inntekt frå konsesjonskraftsal på 6,0 mill., som i K sak 015/2020 er justerte ned til 1,0 mill. Rekneskapstal per april viser konsesjonskraftsal med tap hittil i år. Administrasjonen kommer tilbake med ny status ved neste rapportering.

**Rammeområdet er tilrådd ikkje justert i denne saka.**

#### **AVSETJINGAR**

Driftsinntektene er i denne saka tilrådd justert opp med 1,4 mill. i tråd med inntektsprognosemodellen. Dei tilrådde endringar på rammenivå inneber ei innsparing på 0,86 mill. Summen på 2,27 er tilrådd satt av til disposisjonsfond i budsjett 2020.

#### **INVESTERINGSBUDSJETT**

K sak 035/2020 orienterer om overskridingar for ventilasjonsanlegget på Nordbygda skule og brannvarslingsanlegget på Matre skule på til saman 0,8 mill. Overskridinga er tilrådd finansiert ved omdisponering mellom investeringsprosjekt i 2020 ved å utsette ventilasjonsarbeidet på sjukeheimen.

Dagsturhytten er godt i gang og prosjektet er venta ferdig allereie i år. Dette medfører at investeringsutgiftene knytt til anlegget i 2020 vert auka ved å overføre midlar som ligg i økonomiplanen 2021 til 2020.

I F sak 008/2020 vert kjøp av eigedom 18/6 ved Duesund-driftstasjon godkjent. Anskaffinga vert innarbeidd i investeringsbudsjettet 2020 og vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Vedlagte bevilingskjema investering 2020 viser auke i investeringsutgiftene på 1,14 mill.:

- |                                        |                        |
|----------------------------------------|------------------------|
| · Skule (ventilasjon og brannvarsling) | auke med 1,0 mill.     |
| · Dagsturhytte                         | auke med 0,9 mill.     |
| · Ventilasjon sjukeheimen              | reduksjon på 1,0 mill. |
| · Kjøp av eigedom gnr 18/ bnr 6        | auke med 0,24 mill.)   |

Auken i investeringsutgifter er tilrådd finansiert med:

|                                   |            |
|-----------------------------------|------------|
| · Meirverdiavgiftskompensasjon    | 0,18 mill. |
| · Bruk av bundne investeringsfond | 0,30 mill. |
| · Bruk av frie fond               | 0,93 mill. |
| · Redusert bruk av lån            | 0,27 mill. |

## **Vurdering**

Det heftar generelt noko usikkerheit kring prognosane, og i samsvar med budsjettforskriftene tilrår rådmann at budsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsskjema.

Med dei tilrådde budsjettjusteringer i drift blir netto driftsresultat på 0,36 % av driftsinntektene i 2020, under det anbefalte nivå på 1,75 %.

## **Formannskapet - 064/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Styremedlem i Berivest AS Torill Torsvik Størkersen (Ap) orienterte om status for selskapet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

1.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.

Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.

## **Kommunestyret - 054/2020**

### **KS - behandling:**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

1.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.

Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.

# Sakspapir

| Sakshandsamar              | Arkiv  | ArkivsakID |
|----------------------------|--------|------------|
| Svein Helge Hofslundsengen | FA-S09 | 19/430     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 065/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 055/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Kraftmelding pr. 30.06.2020

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Kraftmelding pr 30 06 2020

#### Dato

24.08.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kraftmelding pr. 30.06.2020 vert teken til vitring.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret den 13.12.2016 samla seg om at førebels utgåve av Kraftmeldinga var noko ein kunne bygge vidare på. Dei var og samde i at Kraftmeldinga vart lagt fram 2 gonger i året; pr. utgangen av juni og desember.

#### Fakta

Viser til sjølve kraftmeldinga som følgjer som vedlegg.

#### Vurdering

Kraftprisen utover 2020 avgjer resultatet for konsesjonskraft, ein har håp om at resultatet skal bli betre enn prognose tilseier. Dei andre kraftinntektene er meir stabile og sikre.

Obs i forhold til stadige omkampar kring kraftinntektene til kraftkommunane, no i mandat til nedsett utval som skal sjå på kommunane sitt inntektssystem.

I kraftmeldinga vektlegg ein det mest vesentlege i høve kommunen sine rettar og inntekter.

#### Konklusjon

tilrår at kraftmeldinga pr. utgangen av juni 2020 vert teken til vitring.

## **Formannskapet - 065/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Kraftmelding pr. 30.06.2020 vert teken til vitring.

## **Kommunestyret - 055/2020**

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Kraftmelding pr. 30.06.2020 vert teken til vitring.

# Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|-------|------------|
| Sveinung Toft |       | 19/871     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 077/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 056/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Framlegg til avtale med Odin utbygging AS om innløyising av tomt nr 35, 36 og 39 på Duesundøy

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

|                                                                             | Dato       |
|-----------------------------------------------------------------------------|------------|
| Masfjorden kommune. Tomtetakst Duesundøy tomt gnr. 18 bnr 99 - tomt 39      | 18.06.2020 |
| Masfjorden kommune. Tomtetakst Duesundøy tomt nr. 35                        | 18.06.2020 |
| Tinging av takst knytt til tre ubebygde hyttertomter på Duesundøy - tomt 36 | 18.06.2020 |
| Innløyising av tre hyttetomter på Duesundøy revidert 25.06.2020             | 13.08.2020 |

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner framforhandla og vedlagde avtale dagsett 13.08.2020 mellom Masfjorden kommune og Odin utbygging AS.

Det vert sett av krone 900.000,- til innløyising av tomt nr 39 (gnr 18 bnr 99) i 2020.

Resterande beløp på krone 1.400.000 vert å ta inn i budsjettet for 2021.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Kommunestyret handsama i møte den 13.02.2020 i sak 008/2020 sak om erstatning/ innløyising av tre fritidstomter på Duesundøy.

Kommunestyret gjorde då følgjande samrøystes vedtak: **«Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å inngå avtale med Odin Utbygging AS om erstatning/ innløyising av tomt nr 35, 36 og 39 på Duesundøy.»**

Nedunder er saksopplysningane frå saka teke med i kursivtekst:

#### Saksopplysningar frå k. sak 008/2020:

##### «Bakgrunn og fakta:

*Odin Utbygging AS har i brev av 7.5 2019 fremja krav om at Masfjorden kommune erstattar tre tomter (tomt nr 35, 36 og 39 (som no er gnr 18 bnr 99) ) på Duesundøy. Tomtene vart omregulert i reguleringsplan for Masfjordbrua, i kommunestyresak 069/17 i møte den 28.11.2017. I reguleringsplanen er tomten*

regulert til grønn stuktur og til trafikkføremål knytt til bruprosjektet. I brevet legg Odin Utbygging AS til grunn at dei tre tomtene i 2012 hadde ein samla marknadsværdi på krone 1.890.000,-, og skriv at denne summen må indeksregulerast fram til oppgjærtidspunktet. Det vert og fremsett krav i brevet på dekning av juridisk bistand i samband med fråsegn til planarbeidet og til saka som handla om mellombels byggje- og deleforbod. Det samla kravet her er på krone 227. 969,-.

Advokat Mikkel Mundal har i brev av 29.11.2019 oppmoda kommunen til å betala krava gjeve i brevet frå Odin Utbygging AS. I dette brevet er kravet indeksregulert, slik at summen for tomtene er kome opp i krone 2.226 134,-

Masfjorden kommune har på bakgrunn av breva sendt saka over til advokat Gunnar Sætre, som i brev av 13.12.2019 har kome med sine faglege vurderingar på kravet.

Konklusjonen til advokat Sætre er at kommunen pliktar å innløyse dei tre tomtene, med tilvisning til plan- og bygningslova sin § 15-2, 1 ledd, og at reguleringsplanen (som vart godkjent i 2017) gjev kommunen rett til å ekspropriere dei ubebygde hyttetomtene i sin heilskap. Det vert og vidare vist til at kravet om innløyseing er framsett innanfor fristen på 3 år som gjeld frå då reguleringsplanen vart godkjent. Når det gjeld verdiene av tomtene er det noko kommunen må vurdere nærmare skriv advokat Sætre, og viser til at dette kan gjerast på fleire måter, t.d. ved takst eller skjøn.

Når det gjeld kravet om dekning av juridisk hjelp skriv advokat Sætre at dette ikkje har noko erstatningsessig vern, og at dette er utgifter som berre kan erstattast om planvedtak eller vedtaket om byggje- og deleforbodet er ugyldige. Det har ikkje vore tilfelle i desse sakene, og difor kan ein sjå bort frå dette kravet meiner han.

### **Vurdering**

Ut frå det juridiske rådet kommunen har fått er det klart at Odin Utbygging AS har rett til å få innløyst dei tre tomtene med nummer 35, 36 og 39 (gnr 18 bnr 99), og at kravet på inntil krone 2.226 134,- difor må vurderast som ein naudsynt utgift knytt til realisering av Masfjordbrua. Sidan det ikkje enno er eit vedteke vegprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune, er det kommunen som må ansvaret for innløyseing. Kor vidt kommunen kan få tilbake heilt eller delvis innløyseingssummen vil verta ei drøfting kommunen må ta med fylkeskommunen når bruprosjektet kjem til realisering.

For at kommunen ikkje skal betale meir enn naudsynt rår ein til at det vert innhenta uavhengig takst for dei tre tomtene. Vidare rår ein til at rådmannen får fullmakt til å gå i forhandlingar med Odin Utbygging AS og inngå avtale innanfor dei rammene som er skildra i saka. Den retten Odin Utbygging AS har til å forvalta/ kunna selja desse tre konkrete tomtene gjennom tidlegare avtalar frå 2004 og 2006 må terminerast i ny avtale.

### **Konklusjon**

Det vert rådd til at kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å inngå avtale med Odin Utbygging AS om innløyseing/ erstatning knytt til dei tre tomtene innanfor dei rammene som er skildra i saka.

Tomtene skal takserast før ferdig avtale vert inngått."

### **Nye opplysningar/ fakta i saka etter kommunestyret si handsaming:**

Etter at vedtaket vart gjort den 13.02.2020 har administrasjonen hatt to møter på teams-plattformen med Odin Utbygging AS. På det første møtet den 26. mars vart det avtalt at Masfjorden kommune skulle innhenta uavhengig takst, og det var semje i møtet om å nytta føretaket Takst & Eiendomstjenester v/ byggmeister Hugo Vedaa.

Den 12. mai låg det føre takst for kvar av dei tre tomtene. Dei tre takstane (skildring med marknadsværdi/ normal salsværdi til slutt) ligg vedlagd saka, og nedunder er takstane vist:

|                         |                 |
|-------------------------|-----------------|
| Tomt 35                 | krone 700 000,- |
| Tomt 36                 | krone 700 000,- |
| Tomt 39 (gnr 18 bnr 99) | krone 900 000,- |

**Sum**

**krone 2 300 000,-**

I nytt møte den 11.juni var det nye drøftingar, og etter forhandlingar var det semje om følgjande hovudpunkt:

- Kommunen løyser inn dei tre tomtene i samsvar med verditaksten som er gjort.
- Kommunen dekker kostnader knytt til oppmåling/kartforretning/ tinglysning m.v.
- Tomt 39 vert løyst inn/ kjøpt i 2020 så snart avtalen er underskriven og eigedomen er tinglyst utan hefter til kommunen.
- Tomtene 35 og 36 vert løyst inn/ kjøpt tidleg i 2021 så snart eigedomane er tinglyst utan hefter til kommunen.

#### **Vurdering:**

Rådmannen vil vise til tidlegare saksutgreiing i samband med k.sak 008/2020 som understreker innløysingsplikta som ligg i lovverket når ein regulerer bort ubebygde tomter til føremål som gjer at tomtene ikkje lenger kan byggjast på. Det forhandlingsresultatet som no ligg føre meiner rådmannen er balansert i høve til det ein kan forventa i samband med denne typen innløysingsaker, og det rettsgrunnlaget alle partar må forhalda seg til. Rådmannen meiner at takstane som no ligg føre er innanfor det som ein kunne forventa for tomter som ligg i strandsona, og som har nærleik til veg, vatn, avlaup og straum. Dersom kommunestyret ikkje godkjenner avtalen kan kommunen koma inn i ein rettsleg prosess, der ein til slutt må betala den innløysingssum som tingretten/ skjønnsretten avgjer, og der kommunen i tillegg til sjølve innløysingssummen også må betala advokat- og sakskostnader.

#### **Konklusjon:**

Kommunestyret godkjenner framforhandla og vedlagde avtale dagsett 13-08.2020 mellom Masfjorden kommune og Odin utbygging AS.

### **Formannskapet - 077/2020**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner framforhandla og vedlagde avtale dagsett 13.08.2020 mellom Masfjorden kommune og Odin utbygging AS.

Det vert sett av krone 900.000,- til innløysing av tomt nr 39 (gnr 18 bnr 99) i 2020.

Resterande beløp på krone 1.400.000 vert å ta inn i budsjettet for 2021.



## **Kommunestyret - 056/2020**

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

**Kommunestyret godkjenner framforhandla og vedlagde avtale dagsett 13.08.2020 mellom Masfjorden kommune og Odin utbygging AS.**

**Det vert sett av krone 900.000,- til innløyning av tomt nr 39 (gnr 18 bnr 99) i 2020.**

**Resterande beløp på krone 1.400.000 vert å ta inn i budsjettet for 2021.**

# Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv                         | ArkivsakID |
|---------------|-------------------------------|------------|
| Sveinung Toft | Gbnr-18/6, Gbnr-18/44, TI-&50 | 20/90      |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 069/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 057/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Ombygging av kontor og garderobe på Duesund (kraftlagsbygget)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet løyver kr 350.000,- til ombygging av kontor og garderobe, på lagerlokalet på Duesund (kraftlagsbygg).

Ombygginga vert finansiert på følgjande måte:

150.000 vert teke frå husleigeinntekter frå bygget i år, og krone 200.000 vert lånefinansiert.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

Saka gjeld ombygging av kontordel i 2 etasje til ny leigetakar, og nye garderober til brannmannskapa i 1 etasje, samt minde tiltak knytt til utleige av lokaler i 1 etasje. Ombygginga vil ha ein ekstern kostnad på 350.000,-, og i tillegg må interne ressursar verta omdiponert frå anna arbeid innanfor drift og vedlikehald i ein periode. Formannskapet handsama kjøp av eigedomen og kjøp av tilleggsareal i møte den 03.02.2020 i sak 008/20. På den måten har ein sikra at både leigetakar og kommunen sitt behov for areal til driftsoppgåver vert ivareteke på ein forsvarleg måte.

#### Fakta:

Masfjorden kommune har inngått ein ny leigekontrakt frå og med 1 Juli 2020. i kontrakten er det gjort avtale om ombygging av deler i andre etasje, slik at det vert etablert eit større møterom og større kjøkken. Politiet leigde lokalet fram til 1. juni, og ny leigetakar skal betale krone 25.000 per måned.

#### Ombygging kontor

Leigearealet gjeld lagerlokaler på til saman ca 140 m<sup>2</sup> i 1 etasje, og heile 2 etasje. Det er gjort avtale om at lokalet i 2 etasje, skal få eit større og meir funksjonelt kjøkken og at det skal etablerast eit større møterom. I tillegg skal det lokalet pussast opp med ny maling og nytt gulvdekke m.v. Kostnaden med ombygging av 2 etasje og kjøp av kvitevarer er sett til 150.000,-

#### Garderobe:

Gulen og Masfjorden Brann og Redning (GMBR) har fått pålegg frå Arbeidstilsynet om å ha eit godkjent sluseanlegg (dusjanlegg, wc) for brannmannskapa, slik at dei kan reingjera seg skikkeleg etter at dei har vore utsett for farleg røyk/kjemikalier etc. Arealet er planlagt innreidd som ei fullgod

slusing med kapasitet for to personar om gangen.

Dette anlegget skal og kunne nyttast av andre driftspersonell/ tilsette ved behov, til dømes i samband med arbeid der det kan vera fare for smitte eller fare for anna uheldig eksponering. I tillegg

må inngangspartiet tilpassast ny leigetakar og det må gjerast ein del ombyggingar som ivaretek den nye leigetakaren sine behov. Sluseanlegget med garderobar skal og kunna leigast ut til leigetakar etter nærmare avtale.

Kostnaden med ombygging av heile 1. etasje inkludert utelys og diverse i 1 etasje er sett til krone 200.000,- Ein del av arbeidet må utførast av eige driftspersonell.

#### **Vurdering:**

Gjennom leigeavtalen har Masfjorden kommune sikra seg leigeinntekter i mange år. Leigeavtalen krev at det vert gjort endringar for å ivareta leigetakar sine behov. Krav frå Arbeidstilsynet gjer at det og er naudsynt å få bygd sluseanlegg for å ivareta HMS krav, jf. pålegg frå Arbeidstilsynet. Det er etter rådmannen si vurdering heilt påkrevd å få gjort tiltaka no, slik at både leigetakar og kommunen sine behov vert ivareteke på ein tilfredstillande måte.

#### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at det vert avsett kr 350.000,- til ombygging av kontor og garderobe/ lagerlokaler på Duesund (kraftlagsbygget).

### **Formannskapet - 069/2020**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

Formannskapet løyver kr 350.000,- til ombygging av kontor og garderobe, på lagerlokalet på Duesund (kraftlagsbygg).

Ombygginga vert finansiert på følgjande måte:

150.000 vert teke frå husleigeinntekter frå bygget i år, og krone 200.000 vert lånefinansiert.

### **Kommunestyret - 057/2020**

#### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Kommunestyret løyver kr 350.000,- til ombygging av kontor og garderobe, på lagerlokalet på Duesund (kraftlagsbygg).**

**Ombygginga vert finansiert på følgjande måte:**

**150.000 vert teke frå husleigeinntekter frå bygget i år, og krone 200.000 vert lånefinansiert.**

# Sakspapir

| Sakshandsamar         | Arkiv  | ArkivsakID |
|-----------------------|--------|------------|
| Svein Viktor Ellingbø | FE-151 | 20/685     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 071/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 058/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Rammer for årsbudsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

#### Dato

|                                                                 |            |
|-----------------------------------------------------------------|------------|
| Løyvingsoversikt drift etter forskrifta § 5-4                   | 06.08.2020 |
| Økonomisk oversikt drift etter art, jf forskrifta § 5-6         | 06.08.2020 |
| Oversikt over den årlege utvikling i gjeld, jf forskrifta § 5-7 | 06.08.2020 |
| Løyvingsoversikt investeringar etter forskrifta § 5-5           | 24.08.2020 |
| Investeringsprosjekt B2021 ØP 2021-2024                         | 24.08.2020 |
| Investeringstiltak - prioritert liste                           | 24.08.2020 |
| RNB 2020 og kommuneopplegget for 2021                           | 24.08.2020 |

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Grunnlag for driftsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt investering.

Det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret 2021. Investeringsprosjekt i 2021 vert finansiert med tilskot frå Husbanken (omsorgsbustader). Investeringsaktiviteten vil difor setjast i gang først etter at tilskotsmidlane er komet.

Følgjande handlingsreglar vert styrande for Masfjorden kommune frå 2021:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt over TBUs norm (1,75 %)
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto driftsinntekt
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt under 30 %

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I tråd med gjeldande økonomireglement skal kommunestyret i juni møte vedta budsjettammer for kommande års budsjett og økonomiplan.

Forskrift for økonomiplan og årsbudsjett stiller krav til følgjande økonomiske oversikt:

- Løyvingsoversikt drift etter forskrifta § 5-4
- Løyvingsoversikt investeringar etter forskrifta § 5-5
- Økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6
- Oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar, jf. forskrifta § 5-7

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

### **Fakta**

Sum generelle driftsinntekter jf. løyvingsoversikt drift er anslått til 169,4 mill. Skatt og rammeoverføringar er i tråd med KS prognosemodell frå 26.06.2020. Utover dette vert det lagt til grunn ein priskompensasjon på 2,0 % frå 2020 til 2021 i påvente av regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett 2021 (offentleggjerast 7.oktober 2020). Eigedomsskatt er ei vidareføring av 2019-nivået og andre generelle driftsinntekter omfattar konsesjonsavgift (3,2 mill.), naturressursskatt (11,5 mill.), integreringstilskot (1,0 mill.) og tilskot frå Husbanken (0,75 mill.).

Finansområdet er i 2021 budsjettert med ein nettoutgift på 9,2 mill. Rente- og utbytteinntekter er anslått til 1,3 mill., mens avdrag og renteutgifter er budsjettert med 10,5 mill. Netto renteutgifter og avdrag utgjer i 2021 4,0 % av samla brutto driftsinntekt, jf. økonomisk oversikt. Auken i finansutgifter er av vedvarande karakter og ein følgje av dei store investeringane i 2020. Masfjorden kommune lånte 65,2 mill. til investeringsføremål og 5,0 mill. til vidareutlån (startlån) i 2020, og vil ha ei netto lånegjeld på 135,0 mill. ved utgangen av 2020. Tilsvarende tal for 2019 var 76,0 mill.

Høge finansutgifter vil redusere kommunen sin handlingsevne i heile økonomiplanperioden. For å oppnå balanse i budsjett og økonomiplan, vil tenestetilbodet måtte tilpassast til trongare driftsrammer, og avsetjingar utsettast. I budsjettåret 2021 er det ikkje rom for avsetjingar utover inndecking av eigenkapitalinnskotet i KLP på om lag 0,7 mill. Dette betyr at netto driftsresultat i budsjettåret 2021 (0,3 %) er langt under TBUs norm. For å oppretthalde norma og handlingsregelen må tenestetilbodet reduserast med 3,6 mill. i 2021.

Dei andre to handlingsreglane er heller ikkje oppfylte. Netto rente- og avdragsutgifter er i budsjettåret 2021 0,8 mill. høgare enn norma, og netto langsiktig gjeld er over 55 mill. høgare enn norma (forutsett ingen nytt låneopptak i 2021).

### **Vurdering**

Rådmannen vurderer den økonomiske situasjonen til Masfjorden kommune som krevjande i åra som kjem. Variasjon og usikkerheit kring sentrale inntektspostar, fallande innbyggjargrunnlag, lite økonomisk gunstig struktur i enkelte tenesteområde gjer at tenestetilbodet ikkje lett lar seg tilpassast til tronge driftsrammer.

Høg gjeldsgrad, som følgje av allereie vedtekne og gjennomførte investeringar, vil i kommande økonomiplanperiode binde ein større del av driftsinntektene til finansområde og vil gi tilsvarende mindre del til tenesteproduksjon. Ein ytterlegare auke i gjeldsgraden vil gjere balansen vanskelegare å oppnå og difor auke faren for at Masfjorden kommune vert satt under statleg kontroll og godkjenning (ROBEK).

## Formannskapet - 071/2020

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Rådmannen vart oppmoda om å sjekke ut % netto lånegjeld til kommunestyremøte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Grunnlag for driftsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt investering.

Det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret 2021. Investeringsprosjekt i 2021 vert finansiert med tilskot frå Husbanken (omsorgsbustader). Investeringsaktiviteten vil difor setjast i gang først etter at tilskotsmidlane er komet.

Følgjande handlingsreglar vert styrande for Masfjorden kommune frå 2021:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt over TBUs norm (1,75 %)
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto driftsinntekt
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt under 30 %

## Kommunestyret - 058/2020

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Rådmannen sette fram forslag om å endre kulepunkt 3 til:

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt under 60 %

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Grunnlag for driftsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt investering.

Det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret 2021. Investeringsprosjekt i 2021 vert finansiert med tilskot frå Husbanken (omsorgsbustader). Investeringsaktiviteten vil difor setjast i gang først etter at tilskotsmidlane er komet.

Følgjande handlingsreglar vert styrande for Masfjorden kommune frå 2021:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt over TBUs norm (1,75 %)
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto driftsinntekt
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt under 60 %

# Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Sveinung Toft | FE-130 | 20/582     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 076/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 059/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde, og val av representantar til interkommunalt planutval for sjøareal

### Vedlegg:

| Journalposttittel                                                                        | Dato       |
|------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Regionrådet - Forprosjekt av 05.06.2020 | 10.08.2020 |
| Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Regionrådet sitt vedtak                 | 10.08.2020 |

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune vedtek å slutta seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som skildra i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i medhald av plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføra planprosessen fram til politisk handsaming i kommunestyret i Masfjorden kommune.
3. Masfjorden kommune vedtek at IKPU skal ha ein medlem med varamedlem frå kvar av dei medverkande kommunane.
4. Masfjorden kommune vel **xx** til medlem med **xx** som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

Det er mange ulike interesser knytt til bruken av sjøareala, og det er behov for å sjå på forvaltninga på tvers av kommunegrensene. Regionrådet i Nordhordland har difor starta arbeidet med ein interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland.

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» er det uttrykt at kommunane i større grad må sjå på forvaltninga av sjøareala på tvers av kommunegrensene. Desse forventningane har Fylkesmannen følgt opp ved å løyve midlar til dette prosjektet. Felles interkommunalt planarbeid med sjøareal er gjort andre stadar i landet, mellom anna i Troms, og ein har no sett på korleis arbeidet der har vorte organisert.



Planen er å organisere dette som eit interkommunalt samarbeid slik plan og bygningslova gjev heimel for i § 9. Dette er gjort med godt resultat andre stadar, og forslaget er å følgje om lag same modell som i Troms. Interkommunal plan for sjøareal består av enkeltplanar (frå kvar kommune som deltek), men det er gjort samla vurderingar.

Eit slikt samarbeid legg til grunn at deltakande kommunar delegerer planmynde til eit interkommunalt planutval (IKPU/planutvalet) med ein medlem med varamedlem frå kvar kommune. Jf. §§ 9-2 og 9-3. Det interkommunale planutvalet får ansvar for planstart, utarbeida og fastsetja felles planprogram og plan. Planutvalet har vidare ansvar for offentleg ettersyn, merknadshandsaming og innstilling til dei respektive kommunestyra. I dei kommunane som har eige planutval, er det naturleg at den som er leiar i planutvalet vert valt og at nestleiar vert vara.

Det endelege planvedtaket (godkjenning av plan) skal gjerast i kvar enkelt kommune, og vil gjelda for eige planområde. Det endelege produktet er mange enkeltplanar laga over same mal med ein samla vurdering og utgreiing.

Kvar einskild kommune må ha planprosessar for sine areal som om det var ein eigen planprosess. IKPU har ansvaret for å sjå desse enkeltplanane i samanheng, og å syte for heilskapen i den regionale planen. Dialog og medverknad i planprosessen vil verta samordna av IKPU.

Røynsle frå andre interkommunale prosjekt viser at denne modellen er mest effektivt med tanke på å koma fram til ein endeleg plan. For å lukkast må det vere god lokal forankring. Det er lagt føringar for korleis rapporteringa frå representanten i IKPU skal rapportera til politisk nivå i eigen kommune.

Organisering av planarbeidet er skildra nærare i prosjektplanen.

### **Tidsplan**

Dei deltakande kommunane må først gjera vedtak om deltaking og utnemna medlemmar til interkommunalt planutval i løpet av tidleg haust 2020. Utarbeiding av planprogram kan gjerast hausten 2020. Planprogrammet vert sendt på høyring 2020/2021 saman med melding av planoppstart.

Første del av planprosessen vil vera prega av arbeid med å få inn innspel frå innspelgrupper, næringsaktørar og innbyggjarane våre. Det er forventa at prosjektet kan presentere det som er kome inn av innspel hausten 2021. Drøfting av innspel, konsekvensutgreiing og utforming av første forslag til plan vil skje første halvår av 2022. Det er forventa at første framlegg til plan kan leggjast ut på høyring hausten 2022, og at endeleg forslag til plan kan sendast til kommunane våren 2023.

Framdriftsplanen må lagast i detalj når IKPU er etablert.

### **Økonomi og ressursbruk**

Prosjektet si finansiering vert eit spleiselag mellom kommunane og Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen har løyvd skjønsmidlar til prosjektet, og det er planlagt ein ny søknad i 2021 til fylkesmannen. Det vil og verta vurdert å søkje midlar andre stader. Dersom søknadane ikkje vert innfridd, er det rekna med ein direkte kostnad samla for alle kommunane på 3,2 mill. kr til saman over 4 år.

Kommunane må delta aktivt i planprosessen med eigne tilsette og folkevalde. Det er lagt opp til at kommunane må bruka om lag ein 5-10 % stilling administrativt (ca. 300 timer over 2,5 år) og 3-4 % stilling av folkevalde (120 timer over 2,5 år). Kommunane sin eigenandel er bruk av eigne tilsette og folkevalde i planarbeidet.

Alle medlemskommunane i Regionrådet er tenkt å vera med i den interkommunale planen (Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy).

## **Formannskapet - 076/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Det vart sett fram forslag om at ordførar Karstein Totland (H) vart vald som medlem med varaordførar Torill Torsvik Størksersen (Ap) som varamedlem.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

1. Masfjorden kommune vedtek å slutta seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som skildra i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i medhald av plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil ha mynde til å varsla planoppstart, vedta planprogram og gjennomføra planprosessen fram til politisk handsaming i kommunestyret i Masfjorden kommune.
3. Masfjorden kommune vedtek at IKPU skal ha ein medlem med varamedlem frå kvar av dei medverkande kommunane.
4. Masfjorden kommune vel ordførar Karstein Totland (H) til medlem med varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

## **Kommunestyret - 059/2020**

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

1. Masfjorden kommune vedtek å slutta seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som skildra i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i medhald av plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil ha mynde til å varsla planoppstart, vedta planprogram og gjennomføra planprosessen fram til politisk handsaming i kommunestyret i Masfjorden kommune.
3. Masfjorden kommune vedtek at IKPU skal ha ein medlem med varamedlem frå kvar av dei medverkande kommunane.
4. Masfjorden kommune vel ordførar Karstein Totland (H) til medlem med varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

# Sakspapir

| Sakshandsamar  | Arkiv          | ArkivsakID |
|----------------|----------------|------------|
| Sigvald Kvinge | FA-X20, TI-&31 | 15/353     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 078/2020 | Formannskapet | PS   | 31.08.2020 |
| 060/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Revisjon av beredskapsanalyse GMBR - 2020

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Beredskapsanalyse 2020 - Tekstdel 12.08.2020

#### Dato

12.08.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Masfjorden tek beredskapsanalyse revidert august 2020 til orientering. Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 12.08.2020.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunane si brann og redningsteneste skal til ei kvar tid vere organisert og dimensjonert til å ivareta den risiko som føreligg. Denne analysen er utarbeid på grunnlag av avdekka risiko.

#### Fakta

Risikoen er stadig i endring. Denne vart sist analysert i april 2015.

#### Vurdering

Risikoanalyse 2020 er basert på heilskapleg ROS i Gulen (K-sak 062/19) og Masfjorden (K-sak 086/2015). I tillegg er analysen basert på hendingar som brann og redningstenesta har vore utalarmert på i kommunane dei siste åra.

#### Konklusjon

**Kommunestyret i Masfjorden tek beredskapsanalyse revidert august 2020 til orientering. Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 12.08.2020.**

## **Formannskapet - 078/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Kommunestyret i Masfjorden tek beredskapsanalyse revidert august 2020 til orientering. Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 12.08.2020.

## **Kommunestyret - 060/2020**

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Kommunestyret bad om at styreleiar i Berivest AS orienterte om status for selskapet i neste kommunestyremøte.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

### **KS - vedtak:**

Kommunestyret i Masfjorden tek beredskapsanalyse revidert august 2020 til orientering. Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 12.08.2020.

# Sakspapir

| Sakshandsamar              | Arkiv  | ArkivsakID |
|----------------------------|--------|------------|
| Svein Helge Hofslundsengen | FE-223 | 20/772     |

| Saknr    | Utval            | Type | Dato       |
|----------|------------------|------|------------|
| 008/2020 | Kraftfondsstyret | PS   | 31.08.2020 |
| 061/2020 | Kommunestyret    | PS   | 10.09.2020 |

## Søknad om støtte gjennom kraftfondet - Gunnar Trædal

### Vedlegg:

**Journalposttittel**  
Søknad om tilskot

**Dato**  
26.08.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Gunnar Trædal får tildelt inntil kr. 130.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsforemål
2. Gunnar Trædal får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort kr 200.000 til omsøkt investeringsforemål.
3. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
4. Lån med pant i utstyr
5. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 10.09.2021

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 130.000 i tilskot, samt lån på kr. 200.000 gjennom kraftfondet til prosjekt med ein totalkostnad på kr. 530.000,-.

#### Høyring/Uttale

Med heimel i retningslinene for kraftfondet § 6c) vert søkjar invitert til å presenterte søknaden ytterlegare i samband med møte i kraftfondstyre 31.8.20.

**§ 6 Forvaltning** c. Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret (eller Kommunestyret) for å få presentert sin prosjekt/forretningsideen sin.

#### Fakta

Viser til søknad, som følgjer som saksvedlegg

Relevante forhold saksa frå vedtekter for kraftfondet;

**§ 2 Føremål** Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsforemål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemdar og kommunen. Fondet's midlar

kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

**§ 5 Vilkår for stønad** Samla finansiering frå kraftfondet til private næringsiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Relevante forhold saksa frå retningsliner for kraftfondet;

**Til § 2 Føremål** Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Eksempel på prosjekt som kan få stønad:

• **Investering i bedrifter** til dømes: utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.

**Til § 6 Forvaltning** a. Formannskapet er styre for kraftfondet, og vert delegert avgjerdsmynde i alle saker. Formannskapet kan vidare delegere mynde til rådmannen. Søknad om tilskot over kr. 50.000 og lån over kr. 100.000,- skal likevel handsamast av kommunestyre. (Basert på kva det vert søkt om)

### Vurdering

Kraftfondet sine midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar, og prosjektet er innafor ordninga. Tiltaket kan definerast som samfunnsmessig fellestiltak som kjem kommunen til gode, utan at ein reknar med at prosjektet vil gje den store innteninga. Det er ikkje komne andre søknader til 1.tildelingsrunde kraftfondet i 2020. Tilrår at søknad vert innvilga.

### Konklusjon

- Gunnar Trædal får tildelt inntil kr. 130.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål
- Gunnar Trædal får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort kr 200.000 til omsøkt investeringsføremål.
- Lånet vert gitt med 10 års nedbetallingstid.
- Lån med pant i utstyr
- Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 10.09.2021

### Kraftfondsstyret - 008/2020

#### **KRFT - behandling:**

Søkar Gunnar Trædal møtte til denne saka og orienterte om søknaden.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **KRFT - vedtak:**

1. Gunnar Trædal får tildelt inntil kr. 130.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål
2. Gunnar Trædal får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort kr 200.000 til omsøkt

- investeringsføremål.
3. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
  4. Lån med pant i utstyr
  5. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 10.09.2021

### **Kommunestyret - 061/2020**

#### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Kraftfondsstyret vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

#### **KS - vedtak:**

1. **Gunnar Trædal får tildelt inntil kr. 130.000,- i tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål**
2. **Gunnar Trædal får tilbod om lån gjennom kraftfondet med stort kr 200.000 til omsøkt investeringsføremål.**
3. **Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.**
4. **Lån med pant i utstyr**
5. **Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 10.09.2021**

# Sakspapir

| Sakshandsamar       | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------------|--------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | FE-014 | 20/605     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 013/2020 | Valnemnda     | PS   | 31.08.2020 |
| 062/2020 | Kommunestyret | PS   | 10.09.2020 |

## Val av forliksrådsmedlemmer til felles forliksråd for Gulen og Masfjorden

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Tilbakemelding - erfaring med felles forsliksråd for Gulen og Masfjorden  
Nødvendige opplysingar vedlagt melding om val av forliksråd - Valg av  
forliksrådsmedlemmer og skjønnsmedlemmer for perioden 2021 - 2025

#### Dato

26.06.2020  
26.06.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene til felles forliksråd for perioden 01.01.21 – 31.12.24:**

- medlem
- varamedlem

Ordførarane i Masfjorden og Gulen kommunar får fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølga på varamedlemmene.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Masfjorden kommune skal velje representantar til eit nytt forliksråd innan 15.10.20 for perioden 01.01.21 – 31.12.24.

I Domstollova § 27 står det blant anna:

Forliksrådet skal ha tre medlemmer og like mange varamedlemmer. Blant medlemmene og blant varamedlemmene skal det være både kvinner og menn. Varamedlemmene tilkalles i den rekkefølge oppnevningen viser. [...] Kommunestyret velger et av medlemmene til formann.

[...]

Kommuner som har samme sekretariat for forliksrådet og dessuten ligger i samme domssogn, kan med tilslutning av minst 2/3 av hvert av kommunestyrenes medlemmer beslutte å ha felles forliksråd dersom kommunene samtidig er enige om hvor mange medlemmer og



varamedlemmer hver kommune skal velge, og om hvordan det skal sikres at det blant både medlemmene og varamedlemmene er både kvinner og menn. [...]

Kommunestyret i Masfjorden gjort slikt samrøystes vedtak den 28.09.16 som sak 063/2016-

1. *Masfjorden og Gulen kommunar skal ha felles forliksråd for perioden 2017 – 20.*
2. *Kommunestyret i Masfjorden vel eit fast medlem og eit varamedlem.*

*[Kommunestyret i Gulen vel to fast medlemmer - ei kvinne og ein mann, og to varamedlemmer – ei kvinne og ein mann.]*

3. *Ordførarane får delegert fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølga på varamedlemmene.*
4. *Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene for pereioden 01.01.17 – 31.12.20:*
  - *Liv Oda Dale, medlem*
  - *Bente Håvåg, varamedlem*

Gulen kommune gjorde tilsvarande vedtak i sak 034/16 den 19.08.16.

### **Uttale**

Uttale frå forliksrådssekretær Ivar Holmaas ønskjer at ordninga med felles forliksråd for Gulen og Masfjorden kommunar held fram (sjå vedlegg).

### **Fakta**

Domstollova § 53 set krav til at forliksrådsmedlemmer må vere:

- norske statsborgarar
- vederheftige
- ikkje frådømd stemmerett i offentlege høve

Domstollova § 56 inneheld vilkåra om at forliksrådsmedlemmer må vere:

- fylt 25 år
- under 70 år ved starten av valperioden
- særskild eigna til oppgåva og beherske norsk skriftleg og munnleg godt

Forliksrådet for inneverande periode har vore sett saman slik:

Leiar: Bodil Bjørlo Takle

Medlem: Oddbjørn Opdal og Liv Ola Dale

Varmedlemmer:

1. Ingolf Wergeland
2. Bente Håvåg
3. Arnhild Kjellevoid

### **Vurdering**

Rådmannen viser til uttale frå dei faste dommarane i forliksrådet samt forliksrådssekretæren og tilrår at ein opprettheld ordninga for felles forliksråd for Gulen og Masfjorden kommunar.

Rådmannen rår og til at den ordninga som vart vedteke i 2016 for val av leiar og rekkefølga på varamedlemmene vert vidareført.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at ein opprettheld ordninga for felles forlikråd for Gulen og Masfjorden kommunar.

Rådmannen rår og til at ordførarane får fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølga på varamedlemmene.

### **Valnemnda - 013/2020**

#### **VA - behandling:**

Saka vart drøfta.

Valnemnda samla seg om Liv Oda Dale som medlem og Sigmund Rørvik som varamedlem.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

#### **VA - vedtak:**

Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene til felles forlikråd for perioden 01.01.21 - 31.12.24:

- medlem Liv Oda Dale
- varamedlem Sigmund Rørvik

Ordførarane i Masfjorden og Gulen kommunar får fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølga på varamedlemmene.

### **Kommunestyret - 062/2020**

#### **KS - behandling:**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene til felles forlikråd for perioden 01.01.21 - 31.12.24:

- medlem Liv Oda Dale
- varamedlem Sigmund Rørvik

Ordførarane i Masfjorden og Gulen kommunar får fullmakt til å peike ut ein av medlemmene som leiar og å avgjere rekkefølga på varamedlemmene.

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Sakshandsamar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Anne Kristin Rafoss  | FE-033       | 20/797            |

|              |               |             |             |
|--------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saknr</b> | <b>Utval</b>  | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 063/2020     | Kommunestyret | PS          | 10.09.2020  |

## Referatsak

### Tilknytte dokument:

1. Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2020
2. Protokoll frå Representantskap 1-2020 Nordhordland Utviklingselskap IKS, 5. juni
3. Protokoll frå Representantskap 1-2020 Region Nordhordland Helsehus IKS, 5. juni
4. Protokoll Regionråd 3-2020, fredag 5. juni 2020
5. Pasientreiser - orientering Kommunestyret

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

## Saksopplysningar:

### Kommunestyret - 063/2020

#### KS - behandling:

I forkant av møte vart Kulturprisen til Magne Sleire delt ut og det vart markert at Kåre André Hjartholm hadde vore med å tatt olympisk gull saman med kokkelandslaget.

To representantar frå NGIR orienterte om selskapet og om moglege gjenbruksstasjon i Masfjorden som erstatning for vår- og haustrydding

#### Gunningjevne spørsmål:

Laila Furebotn (Sp) stilte følgjande spørsmål:

Fensfjordbygg er registrert som eit "særskild brannobjekt" i Masfjorden kommune. Med dette føl ein del krav til tryggleik. Me kan ikkje finna dokumentasjon på at krava til slokkevatn på dette bygget er på plass.

Då dette er eit bygg på 4 etasjar med bu einingar på toppen, og til dels eldre bebuarar, tenkjer me

det er særst viktig at sikkerheita er på plass. Då det i tillegg bere er eit deltidbrannvesen i beredskap, som i praksis kan bety lang utrykkingstid og få manskap i startfasen, tenkjer me det er heilt avgjerande for resultatet at slokkevatn er på plass.

Masfjorden Senterparti spør derfor om krava til slokkevatn for Fensfjordbygg er oppfylt når bygget er teke i bruk.

Ordførar svara:

Masfjorden kommune har i lengre tid vore i dialog med Fensfjordbygg AS for å få avklart om krava knytt til brannslukking er innfridd. Saka er mellom anna sendt over til førebyggjande avdeling (NGIB) for vurdering. I samband med innflyttinga vart det stilt krav om ekstra vasstank inne på tomta i påvente av fleire avklaringar og denne kom då på plass. Vidare fekk ein etablert ein nytt uttak på hovudleidningen på andre sida av hovudvegen

På grunn av drøftingane som har vore i saka har Masfjorden kommune i nært samarbeid med Fensfjordbygg AS inngått oppdragsavtale med føretaket Rambøll AS, for å få brannvassforsyninga til Fensfjordbygg nærmare vurdert av tung brannfagleg ekspertise. Om det er naudsynt skal selskapet også foreslå løysingar som kan styrka slokkevassforsyninga på ein fagleg god og kostnadseffektiv måte. Første møte med konsulentforetaket med synfaring til Hosteland er sett til måndag 14. september.

Masfjorden kommune jobbar difor aktivt med saka i lag med utbyggjar.

Torill Torsvik Størkersen stilte følgjande spørsmål:

- Om delegasjonsreglement skal opp til revidering i denne kommunestyreperioden?
- Om me har kontroll på avtalene som skal seiast opp i Bergensavtalen. Når det skal skje?
- Om det er lagt inn fiber til alle kommunale utleigeboliger?

Ordførar og rådmann svara på desse spørsmåla.

Referatsaker:

Skriv 1: Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2020

Skriv 2: Protokoll frå Representantskap 1-2020 Nordhordland Utviklingsselskap IKS, 5.juni

Skriv 3: Protokoll frå Representantskap 1-020 Region Nordhordland Helsehus IKS, 5.juni

Skriv 4: Protokoll Regionråd 3-2020, fredag 5.juni 2020

Skriv 5: Pasientreiser - orientering Kommunestyret (delt ut i møtet)

Orientering frå rådmannen:

- Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset orienterte om skriv frå Helse Bergen der ordninga med pasientreiser blir avvika fordi dei ikkje har fått til ein avtale med drosjenæringa i distriktet vårt.

I etterkant av møte har kommunen motteke brev frå Helse Bergen der dei skriv at eksisterande avtale som gjeld pasientreiser blir forlenga 4 veker fram i tid.

- Rådmannen orienterte om at regjeringa vedtok den 13.3.20 ei Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommunar og fylkeskommunar for å avgrensa spreiding av Covid-19. Forskrifta vart oppheva frå og med 1. august 2020. Smittesituasjonen lokalt kan tilseie at det vert behov for å gjennomføre politiske møte som fjernmøte framover.

Kommuneloven § 11-7 åpner for at møter kan avholdes som fjernmøter. Det er en forutsetning for å avholde fjernmøte at kommunestyret eller fylkestinget selv har besluttet at (andre) folkevalgte organer i kommunen eller fylkeskommunen skal ha adgang til å avholde

fjernmøte. Videre skal alle deltakerne se, høre og kommunisere med hverandre.

Kommunestyret gir fullmakt ordfører/rådmann å ta stilling til evt. gjennomføring av fjernmøte framover i samband med Covid-19

Tiltaket/fullmakta heimla i kommunestyrevedtak 10.09.2020

Framlegg til vedtak vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

**KS - vedtak:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyre 10.09.20 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Wenche Daa  
kommunestyremedlem

---

Frode Langhelle  
kommunestyremedlem